

**Sakshandsamar:**

Birgit Tansøy
E-post: Birgit.Tansoy@sfj.no
Tlf.: 90984022

Vår ref.

Sak nr.: 17/8987-16
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

4182/19

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 28.01.2019

Notat

Frå: Birgit Tansøy

Til: NKA , Førde kommune

Kopi til: Odd Harry Srømsli, Julie Daling, Eva Moberg

Førde - Kommuneplan 2018 - 2030 – Administrativt møte den 28.01.2019 om B17 og bakgrunn for fremjing av motsegn

Tilstades på møtet:

Odd Harry Strømsli (plansjef, Førde kommune), Julie Daling (Førde kommune), Eva Moberg (fylkeskonservator, Sogn og Fjordane fylkeskommune:SFJ) og Birgit Tansøy(SFJ)

Førde kommune har lagt kommuneplanens arealdel ut på høyring i perioden 17. desember 2018 – 8. februar 2019. SFJ sende e-post til kommunen den 22.01.2019 og bad om å få utsett frist til 8. mars då fylkeskommunen finn grunnlag til å fremje motsegn til delar av bustadareal B17. Neste møtet i Fylkesutvalet er den 6. mars.

Det vart gjennomført eit administrativt informasjonsmøte den 28.01.2019.

På møtet la fylkeskommunen fram dei kulturminnefaglege vurderingane knytt til motsegna. Eva Moberg orienterte vidare om gangen i ei motsegnssak og vidare handsaming.

Førde kommune la fram sitt syn i saka.

Det vart bestemt at fylkeskommunen får utsett frist høyringsfrist til 8. mars 2019. Fylkeskommunen bad om å få skriftleg stadfesting på dette.